

TOKTRAPPORT

FARTØY: M/S "Feiebas"
PERSONELL: Tore Thorsen
OMRÅDE: Nordsjøen 24/5-29/5-76

FØREMÅL MED TOKTET: Føremålet med toktet var å driva leiting etter tobis og å veileda flåten til felt der konsentrasjonen av tobis kunne gje drivverdige trålfangstar. Det vart også teken lengde- og fryseprøver samstundes som ein undersøkte den prosentmessige artssamansetjing ved hjelp av vekt.

METODAR: Til leitetenesta nytta ein ei 1 300 maskar industri-trål med ikledd 9 mm tobisnett og V-brett. Ein gjorde også kontinuerlege registreringar av fiskemengda ved hjelp av ekkolodd. For å underretta flåten om leitetenesta sende ein daglege meldingar til båtane over radio frekvens 2346 og VHF (kanal 12), dessutan hadde ein stadig kontakt med enkeltbåtar over radio. Det vart lagt vekt på å undersøkje felt der flåten ikkje var tilstades for på denne måten å dekke eit vidast mogeleg område. Følgjande felt vart undersøkte: Lingbank, Midtbank, Eastbank, English Klondyke og Inner Shoal.

RESULTAT: På Lingbank, Midtbank, Austbank og Engelsk Klondyke hadde ein fangstar frå 5 til 10 hl. Det var så å seia ikkje tobis i fangstane og dei besto av hyse, kviting og flyndre (raudspette, sandflyndre og gapeflyndre). På desse felta gjorde ein nokre mindre lokale registreringar på ekkoloddet som ein derfor måtta anta var hyse og kviting. I dei ovanfor nemde områda var det ikkje andre trålarar medan leitinga gjekk føre seg. Det vart tilsaman gjort 3 trålhal i desse områda. På Inner Shoal gjorde ein tre trålhal med fangstar 10, 60 og 75 hl. Fangstane besto her for det mesta av tobis (sjå vedlagde tråljournal). Registreringane på ekkoloddet var også her små og svert lokale. Av ekkoloddet såg ein at fisken stod konsentrert frå 2 - 4 favner ovanfor og nedtil botn. Det var vanskeleg å skilja hyse og kvitingregistreringar frå tobisregistreringar.

I det tidsrommet som ein dreiv leiting var storparten av flåten samla på Doggerbank og ein mindre del på Engelsk Klondyke. Fisket var i perioden dårleg med unnatak av ein del bra fangstar. I dette tidsrommet var det ein dag med dårleg arbeidsver.

INNBLANDING AV BESKYTTA ARTAR: På dei felte som vart undersøkte var innblanding i fangstar på over 50 hl svert liten (3 - 4%). I små fangstar, 5 til 20 hl, var innblandinga svert stor og besto for det mesta av hyse, kviting, raudspette, sandflyndre og gapeflyndre. Ein hadde ikkje inntrykk av at flåten fiska på felt der fangsten var under 50 hl i trålhalet.